

Svar på skriftleg spørsmål frå Jenny Følling om kapasitet på skulekyss ved gjenopning av skolane

Representanten **Jenny Følling** (SP) har stilt slikt spørsmål:

Fylkeskommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skuleskyss for elevar i grunnskulen og har vedtaksmynde i slike saker.

I samband med opning av alle årstrinn frå og med veke 20, opplyser fylkeskommunen at det ikkje vil bli sett inn ekstra materiell, trass i at regjeringa har sett krav til avstand mellom elevane. Fylkeskommunen opplyser i brev til kommunane datert 08.05.20 at rutetilbodet for skulebussar vil bli innført igjen slik det var før skolane stengde ned.

Dette medfører at det kan vere elevar som ikkje kjem seg på skulen, eller at kommunar må utsette skulestart. Det vert oppmoda om at alle som har mogelegheit til å unngå bruk av kollektivtransport for å kome seg til skulen gjer dette. Det er uforutsigbart og vanskeleg for kommunane å planlegge innanfor slike rammer.

1. Kva er grunnen til at ikkje kapasiteten vert auka, når nasjonale myndigheiter har sett strenge avstandskrav for elevane?
2. Er det mangel på tilgjengeleg bussmateriell, eller er det av økonomiske grunnar at fylkeskommunen ikkje aukar kapasiteten på skuleskyssen?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Svar spørsmål 1.

Skyss/Kringom har ansvar for skoleskyss for om lag 27 000 elevar med innvilga rett til skoleskyss på over 450 skolar. I tillegg reiser ein betydeleg del skoleelevar med våre skole- og rutebussar som ordinære kundar.

I ein normalsituasjon nyttar ein saman med bussoperatørane om lag eit halvt år (mars-august) på å planleggje og setje i verk skoleskyssstilbodet kommande skoleår. Det var svært kort tid frå avgjersla om gjenopning av alle skoletrinn torsdag ettermiddag 7. mai, til at alle skolebussane i heile Vestland skulle vere tilbake på vegen morgonen måndag 11. mai. For å få dette til har ein prioritert å sette i verk det tilbodet vi hadde før skolane stengte, samt å sikre smittevern og trygge reiser. Det var avgjerande at skoleskyssen måtte gå med utgangspunkt i ordinære start- og sluttider for å få dette til, utan rom for lokale tilpassingar på kort sikt. Vår oppmoding til kommunane har derfor vore at der det blir planlagt for kortare skoleveke bør det bli planlagt for færre dagar, men med same lengde som ordinær skoletid framfor kortare dagar.

Skoleskyssen er ei lovpålagt oppgåve, og fylkeskommunane er ansvarleg for å skaffe transport for dei elevane som har krav på dette. I den ekstraordinære situasjonen vi er inne i no vil det ikkje vere praktisk gjennomførbart å auke all skolekøyring, og konsekvensen av dette er at fylkeskommunen ikkje vil kunne garantere at alle skoleelevar som har innvilga skoleskyss får plass på skolebussane. Så lenge avstandskrava for kollektivtrafikken gjeld, vil det derfor vere behov for at bruk av kollektivtransport avgrensast der det er mogleg, i samsvar med smittevernrettleiarane for gjenopning av skolane.

Tilbakemeldingar frå fleire av kommunane har vore at skoleskyssen utgjer eit hinder for at skolane kan organisere skoleveka for dei ulike trinna slik dei ønskjer og har høve til. Vi er også kjent med at ein del skolar/kommunar har vurdert skoleskyssen som ein del av skolen sitt moglegheitsrom og organisert skoleveka og fysisk oppmøte for dei ulike trinna med utgangspunkt i kapasiteten i skoleskyssen.

Skyss/Kringom har i dialog med kommunane kartlagt dei mest akutte behova for kapasitetsauke i skoleskyssen knytt til dette. Der det er meldt inn behov frå kommunane som har avgrensa økonomisk konsekvens, og som er praktisk mogleg å gjennomføre i løpet av kort tid, vil desse bli prioritert og iverksett dei nærmaste dagane. Ut over dette utgjer behova som er meldt inn frå kommunane samla ei omfattande auke slik at det både praktisk og økonomisk ikkje vil kunne handterast.

Svar på spørsmål 2:

Sidan det ordinære rutetilbodet er gjeninnført er alle bussar og sjåførarar som Skyss/Kringom disponerer gjennom transportkontraktane i bruk morgon og ettermiddag, og det er dermed ikkje

ledig bussmateriell disponibelt innanfor våre kontraktar. Eventuell produksjonsauke må derfor i hovudsak skje gjennom innleige av kommersielle bussar, til ein høgare pris.

Per 18. mai har ikkje fylkeskommunane fått tildelt økonomiske midlar for å utvide skoleskysskøyringa i samband med gjenopninga av skolane. Det er administrasjonen si vurdering at kostnadane ved produksjonsauke har ein for høg kostnad til at slike tiltak kan bli gjennomført utan at det finst finansiering for dette.